



MS MIDTHORDLAND til kai i Uskedal Båtlag si båthamn.

MS MIDTHORDLAND kom til Uskedalen i går i eit privat oppdrag. Det var cruise på fjorden med eit brudepar og deira gjester frå Uskedalen til Sunde. Nokre hugsar sikkert dei to åra på 1960 talet MIDTHORDLAND gjekk i Kvinnheradruta med faste stopp på Myklebust kai. Båten er i dag veneranskip og restaurert tilbake til den tida då Midthordlanske dampskipsselskap på Os var eigar.

MS MIDTHORDLAND er bygd i 1947 på A/S Stord. Leveringa var eit viktig steg for selskapet (MDS) som no fekk ein moderne sjøbuss i ruta Bergen - Os - Fusa - Samnanger. Skipet hadde opne lyse salongar i full skipsbreidde. Farten var 12 knop.

I 1962 gjekk MDS inn i HSD og MIDTHORDLAND fekk svartmålt skrog. Ein heller sjeldan Wichmann på 390 HK vart bytt ut med ein Caterpillar, diesel på 520 HK, motoren som står i skipet i dag.

I 1971 vart MIDTHORDLAND seld til Sverige, så til England før båten seint på 1980 dukka opp som turbåt på Oslofjorden. Skipet vart kjøpt attende som veteranskip og restaurert av det gjenoppretta MDS i 1994.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs



Mange minnest MS MIDTHORDLAND frå tida 1966 - 68 i Kvinnheradruta. I går hadde skipet oppdrag med brudlaupsgjester på tur frå Uskedalen til Sunde.